

Randi Arnestad

## Hulda Garborg – 150 år

*Denne teksten var først framført som eit kåseri på Litteraturfest Røros i 2009, der temaet var «Sterke kvinner». Den er her litt omarbeidd.*

I Nord-Østerdalen var Hulda Garborg lenge eit kjent namn, ho budde her mye i lange periodar av livet, og har sett djupe spor etter seg. I år feirar vi at det er 150 år sia ho vart født, med nasjonale markeringar og biografiar. Men kan ei dame som var født langt nede på 1800-talet vere av interesse for oss i dag? Det ho framleis blir knytt til er arbeidet med bunader, med dans, og med teater.

Og det skulle vel rekke som livsverk for eit enkelt menneske! Men Hulda er også mye meir enn det, biografen Arnhild Skre kallar henne «nasjonal strateg», og meiner at Hulda fortener ein langt større plass i historia om det nye Norge enn det ho har fått. Og at Hulda Garborg var ei sterk kvinne ser vi av livsverket hennes, og bare det at ho overlevde barndommen som eit heilt menneske, viser at her var det sterkt to.

### *Tidlig biografi*

Ho vart født på ein storgard i Stange på Hedemarken, faren var jurist og mora av «vanlig folk». Hulda opplevde kon-

kurs og skilsmisse, måtte flytte med mora til ein hybel på Hamar da ho var bare lita, mens dei eldre søstrene budde med faren. Det var ei brutal sosial degradering, dei hadde dårlig råd og mora var mye sjuk, deprimert og etterkvart alkoholisert. Det var ikkje lett å



*Hulda på veg til barneball, i ny kjole, men med sko lånt av mora. Foto frå Arnhild Skree si bok.*

skulle fø seg sjøl og ein jentunge som sy-dame! Hulda måtte tidlig ta ansvar, ho hadde til og med betalt arbeid ei stund. Men gamle venner frå det kondisjonerte miljøet hjelpte henne, slik at ho fekk gå på Gløersens pikeskole på Hamar. Det var ein privat skole som bygde på Grundtvigs tankar, Gløersen hadde starta skulen i protest mot den tronge pietismen han sjøl hadde vakse opp i; her var bibelhistoria ikkje pugg men forteljing, her var teikning og song, her var litteratur, og norsk og nordisk historie. Hulda skjønte ikkje før seinare, at her hadde ho fått heile folkehøgskuleideologien inn bakvegen, og den kom til å merke henne djupt. Ho såg ein samanheng mellom tankane til Rousseau, som ho var sterkt prega av heile livet, Grundtvig og Gløersen.

Da ho var 13 år gammal flytte Hulda til Kristiania, budde saman med mora, og levde fortsatt i elendigheit. Men ei eldre søster som var gift i byen støtta henne. Hos familien til søstera trefte ho hedemarkingen Mikkel Dobloug, og det møtet vart eit vendepunkt for Hulda. Ho fekk jobb i butikken hans, «Bdr. Dobloug», og han og kona tok seg av henne på mange vis. Dobloug var ein radikal idealist, han kalte hesten sin for Darwin og selte reine flagg i butikken, -flagg utan unionsmerket, og vart kalt Flagg-Dobloug.

Og Mikkel Dobloug tok Hulda med i Arbeidersamfunnet, ei forening for «nyttig og foredlende underholdning» som det heitte, der var det foredrag og ordskifte. Der hørte ho blant andre Bjørnstjerne Bjørnson, der møtte ho mange av dei toneangivande radikale kreftene i byen, og mottok skjellsettande inntrykk. Ho las Darwin, prøvde å

lese Kierkegaard, var svolten på nye tankar. Juristen Andreas Hølaas var leiar i Arbeidersamfunnet ei tid, og oppfordra henne til å bli «målmann», «ho som var vinstremann og nihilist og elles alt som godt var», burde også bli målmann. Ho tok han på ordet, las Aasen, Vinje og Garborg, og meldte seg på «Målskule» hos Ivar Mortensson Egnund.


Av og til var det fest i Arbeidersamfunnet, og når dansen gikk satt ikkje Hulda veggpyrd! Lyrikaren Nils Collet Vogt har beskrive henne slik: »Jeg ser for meg Hulda Bergersen, senere fru Garborg, omringet, hyldet, tilbedt, med nasjonalfargede bånd over brystet. Visst noe av en valkyrie for de ideelt bevegede blant ungdommen her.» . «De ideelt bevegede» vart elles kalla eit radikalt revolusjonært rottereir og hørte ikkje til det gode selskab...

Den unge Hulda, som hadde måtta gå på ball på Hamar i for store sko lånt av mora, og med omsydd kjole, som hadde måtta lure seg til pantelånaren i Kristiania med gullklokka til mora, for å halde liv i dei, – ho hadde drømmer, først og fremst om teater. Men drømmen måtte ho glømme, i strevet for daglig brød. Men ho hadde styrke og vilje til å sjå det positive i livet, og ein glødande sans for sosial rettferd.

I dette miljøet, der alle stridsspørsmål i tida vart diskutert, i miljøet som svingte mellom russisk nihilisme, Darwins tankar og Bjørnsons talar – der trefte ho også Arne Garborg. Og resten er historie, som det heiter –.

### *Den første Kolbotn-tida*

Arne Garborg er eit namn alle har hørt, og mange ser for seg denne vesle tuslete



*Kolbotn ved Savalen, rundt 1900. Nordøsterdalsmuseet, nr. 45423.*

og tunglynte jær-buen som visstnok skreiv gode bøker, men som dei fleste gymnasiastar opp gjennom tida har fått avsmak for, fordi dei måtte lese Bondestudentar, utan å forstå kva boka egentlig handlar om. For meg er han eitt av dei største åndsmenneske vi har hatt her i landet; han tenkte, han skreiv betre enn dei fleste, han var open for nye impulsar, og han prega samtida si like mye som Bjørnson. Hadde han gitt ut bøkene sine på Gyldendal, hadde det trulig vore fem store ...

Men i år er det Hulda! Ho likte Arne Garborg godt, kanskje syntes ho som Harriet Backer, som trefte han i Paris, at «han har en sådan løyerlig stillferdig måte at lirke seg inn i ens hjerte på». Dei var jo eit umake par, ho vakker og staut, han liten, og sjenert der det var mye folk. Han var 11 år eldre enn Hulda, og i boka Kolbotnbrev seier han

litt kokett: «Ja for no, då eg hev mist det meste av mitt hår og tri jekslar, og der-til mitt gode namn, då var det ei som tenkte at dette kunne vere noko å gifte seg med».

Ja, ho vart kona til Arne Garborg, og for mange var ho bare det –. Dei «måtte gifte seg» som det heitte, og gikk til byfogden i desember 1887. Den store ironikaren Garborg skriv i «Kolbotnbrev»: «... me hadde no brev på at me var gifte. Og det er brevet det stend på, veit du. Fyrr hadde me vori syndige; no var me reine som gull. Og det hadde ikkje kosta meir enn 5 kronur og 36 øre» –.

Så drog dei til Kolbotn, midtvinters, til ei gissen lita stue. Og her begynner historien om Hulda på Kolbotn, det er herifrå nordøsterdølene har minna sine om henne, det var her ho gav dei innsikt og kunnskap dei ikkje før hadde, og her dei opplevde dans og moro, stort

hjarterom og møte med menneske frå andre kulturar, ikkje minst kunstnarar av ulike slag.

Men ho lærte sjøl òg. Ingen av dei to hadde noe særlig praktisk erfaring med å greie seg i snøhaugen, med utett hus, med ein peis som røk inn, og der det var langt til butikken. Men dei greidde seg, mye med gode grannars hjelp, og den første tida på Kolbotnen var det nok strevsamt, men òg trivelig og morosamt, og Arne hadde ein av sine gode periodar, da tungsinnet ikkje fekk tak.

Hulda kunne heller lite om matstell, men ho lærte av grannekonene. Riktignok hadde ho Hanna Winsnes' kokebok, men der stod «man tager og tager», og på Kolbotn var det ikkje så mye å ta av. Men: Ho lærer, prøver, systematiserer, og etter 10 år gir ho ut kokebok. Da hadde ho dessutan vore i Tyskland der ho lærte å bruke frukt, bær og brød, og i Frankrike, der ho lærte at mat skulle vere god og spennande, at eit måltid var eit høgdepunkt i dagen. Det var ikkje bare ei kokebok, det var «Heimestell» ho gav ut i 1899, og den boka omfattar meir enn matlaging,. Her var råd om lufting, vask og sengestell, og mannfolka får sitt i kapitlet «Dumme mannfolk», 90% av dei har ikkje greie på kva vatn kan brukas til!

Ho skreiv om kaffe og tobakk, om rarbarbravin. Hulda er misjonær, folkeopplysar. Slik skriv ho om personlig hygiene:

«Fotvask. Aa vaska føterne sine med kaldt vatn og saape um kvelden er svært godt, baade um vinteren naar ein fryspaa dei, og um sumaren, naar ein er sveitt og varm. Sveitte føter er ein ufyssen ting baade fyrr ein sjølv og andre.

Mødest ein av kalde føter, so gnur

ein dei væl med ein kost elder ein grov handduk, naar ein hev vaska dei, og byter hosur tidt og ofte. Plagast ein av heite og sveitte føter, er det godt aa vaska dei av og til med eddikk og vatn. Men tek ein jamt kalde fotbad, so slepp ein nok baade desse plaagurne.»

Og om sengestell: «Høy eller halm er friskt og godt å liggje på, når det berre vert ofte umbytt, og vel opprist kvar dag; men å liggje i same høyet i lange tidir, som dei gjer mange stadir, er fælt. Slik ei seng er eit framifrå reir for alt slag sjukdomar.»

Ho tileigna boka «grannekjerringan 'pi åsa og me' Savala med tak for venenskap og raad og hjelp i mange år», og boka fins – med dedikasjon – i mange heimar den dag i dag. Seinare gav ho ut «Madstell på Landbygdi», som bygde på eit foredrag ho helt i Ålen på eit Noregs Ungdomslag-stemme i 1901. Foredraget gikk seinare som føljetong i Fjell-Ljom, og kom ut som bok på Røros i 1902.

Ei artig historie i Kolbotnbrev er når Arne fortel om da dei døpte sonen i Tynset-kjerka, han fekk namn etter far sin og etter ein kjær ven, den radikale Olaus Fjørtoft. Så skriv Arne Garborg: «... og eg sat i Tynset kyrkje og hadde mi moro av, at presten laut nemne tvo so fæle namn i Guds hus, og lyse nåde og miskunn yvi Olaus Fjørtoft og Arne Garborg, tvo mennar som han i sitt hjarta visst dømde ned-i helvites alradjupaste kjellarhol». Mindre kjent er den rolla Hulda spelte i samband med dåpen. I Tynset rådde enda skikken med «inngangskoner». Når ei kvinne hadde født eit barn, vart ho rekna for urein, og måtte få prestens velsigning før ho kunne bli ført av presten inn i kyrkja gjennom hovuddøra. Denne skikken





*På skogstur med venner ved München rundt 1890. Hulda og Arne heilt til høgre.  
Det var Huldas første utanlandstur. Foto frå Arnhild Skree si bok.*

har røter i katolsk tid, og tok ikkje heilt slutt her i landet før på 1920-talet. Mange vil kjenne Harriet Backers bilde med tittelen «Inngangskoner». Hulda møtte ikkje opp, og skikken tok slutt i Tynset ikkje lenge etter. Det skulle vel eit visst mot til for å stå imot inngrodde skikkar ...

I omlag 10 år hadde Hulda og Arne Kolbotn som fast adresse, dei var der frå tidlig vår til sein høst. Om vinteren budde dei ofte i utlandet, i Tyskland, Italia og Frankrike, i «forfattarkoloniar» eller for seg sjølve. Dei budde òg i Kristiania i periodar. I desse åra vart Kolbotn eit slags litterært sentrum, ein litterær salong, med innrykk av kjente forfattarar frå inn- og utland, og med besøk av musikarar og biletkunstnarar. Det var òg i desse åra at Arne Garborg hadde sin mest produktive periode og

skreiv dei beste bøkene sine. Og da går det an å sjå for seg kva slags liv Hulda hadde: ho var kone, mor, hushaldar – rett nok med tenestjente –, vertinne, samtalepartnar, følge på fjellturar og midtpunkt på festar.

Det mannen ikkje visste før lenge etterpå, var at Hulda hadde begynt å skrive sjøl, først for skrivebordskuffen, så for utgiving. Vi kjenner mange kvinnelige kunstnarar som måtte gi opp sitt eige og vart «fru den og den kunstnar», fordi det ikkje var plass til fleire kunstnarar under eitt tak. Men Hulda gjorde det ho kjente trong til. Og fleire år seinare skriv Arne Garborg stolt til ein venn: «Hulda holder på å male bord og vegger, sy skinnfeller og skrive tragedier.»

## Forfattere

Og det var ingen overdrivelse, Hulda har over 40 titlar på si merittliste. Ho er t.d. framleis den kvinna i Norge som har skrive og fått oppført flest skodespel. Men ho debuterte i 1892 med ein roman, «Et frit forhold», skriven ut frå naturalismens program, med realistiske skildringar frå 80-åras Kristiania, med fin ironi, og med eit emne som ho også seinare skulle komme tilbake til: ugifte mødrer, dobbeltmoral og hykleri.

Ser vi ho for oss: Ho er kona til den store forfattere, som var som ein guru for mange av dei yngre litteratane som søkte til Kolbotn og andre stader der dei var å finne, – og så sitt ho ved kjøkenbordet og *skriv* innimellom alt anna, – mens han har si diktarstove der han kan arbeide uforstyrra. Og han, litteraten, var stor nok og raus nok til å støtte henne i skrivearbeidet.

Det kom godt med, for dei neste bøkene hennes vekte storm. «Kvinden skabt af Manden» er ein polemikk mot ein tysk filosof, Dr. Otto Weininger; ho meiner han nedvurderer det erotiske og seksuelle livet, og ho polemiserer mot ei kvinnesak som vil «frigjøre os fra kvinden». I «Fru Evas dagbok» skriv ho satirisk om kvinners «emansipasjon» frå det erotiske livet. Det får vere nok at mennene har utvikla seg til nervøse hjernemenneske, ute av stand til elskov. Ho er – sjølsagt – på kollisjonskurs med det rådande kvinnesakssynet i tida, og vart beskyldt for å vere reaksjonær, fordi ho framheva moderskapet, og meinte kvinner burde bli verdsette for å bli meir kvinne, i staden for å bli som menn.

Fordi boka vart gitt ut under psev-

donym, og mange såg ein sjølbioografi i skildringa av samlivet, vart romanen sjølsagt eit skandaleskrift – og kom i mange opplag!

Hulda Garborg skreiv eit drygt dusin romanar, blant dei beste er Hedmarksromanane hennes, fire bind som ho skreiv først i 1920-åra, og der ho gir gode presise miljøskildringar og viser interessante menneskeskjebner. «Mens dansen går» er tittelen på den første ...

## Dansen

... og dansen hører saman med Hulda. Ho hørte til desse sjeldne menneska, som tar inn nye tankar, vurderer dei, og fører dei vidare i sitt eige arbeid, på sin eigen, sjølstendige måte. Og store opplevingar var for henne ikkje bare gode



Hulda med jenter frå ungdomslaget «Trond» i Tynset. Frå venstre Gunvor Sandvold, Gudrun Kalbækken, Anne Nybø og Karen Grønn. Nordøsterdalsmuseet, nr. 34581.

minne å gle seg over i ettertid, men eit driv til å finne ut av ting, gå vidare, skape noe. Arbeidet hennes med folkevisene er eit godt døme på det. Ho kjente dei gamle balladane og visene, frå tida i Arbeidersamfunnet, gjennom Moltke Moe og Ivar Mortensson. Men det var først da ho hørte Torvald Lammers *synge* visene, at det opna seg ei heilt ny og ukjent kulturverd for henne. Dette måtte fleire få del i! Ungdommen! Men korleis?

Ho meinte at det måtte ha vore dansa til visene i eldre tid, men at dansen var utdødd her i landet. Færøyane vart som vi veit løysinga. Arbeidet med dansen var frå først av altså like mye eit middel som eit mål, for henne.

Ho starta med noen kondisjonerte damer i Kristiania i 1901, og lærte trinn etter oppskrift i ei bok. Det vart ikkje spesielt spenstig! Så drog ho, aleine, til Færøyane for å lære året etter, og da fekk ho sjå noe anna. Ho skriv til Arne: «Slik Hedenskab har jeg aldri sett. Gamle veirbidte Mænd blev rent vilde og skraalede av Fryd og Livsglede!» Ho legg til at det nok hadde vore medisin for mannen og!

Og med vanlig Hulda-kraft fekk ho så denne dansen til å spreie seg. Først vart det stor suksess i Kristiana, – dette fenomenet låg vel i tida, men det var Hulda som forløste det –, og så spreidde det seg som eld i tørt gras ut over landet. Da danseopplæring vart obligatorisk i Kristiania-skulane i 1910, syntes ho det var utrulig og storveges. Hulda reiste landet rundt, med framsyningsringen, med kurs, og dansen vart snart ein av grunnpillarane i arbeidet til ungdomslaga rundt på bygdene. Alle ungdomslokala som fins i Nord-Øster-

dalen fortel noe om omfanget av dette arbeidet. Fram, Heim, Vidarheim, Morgenrøden, Tronshall og Fensal, alle ungdomslagshus. Hadde dei funnes utan Hulda? Ennå fins det visst att omlag 300 ungdomshus i Norge ...

Alt i 1903 vart Hulda og dansarane hennes inviterte til Stockholm, av Nordiska Muséet, og det vart stor suksess, jamvel kronprinsparet var med og dansa. Hulda sukka litt over det, – i Norge hadde det vore utenkjelig, hos oss hørte dansen til den bygdenorske kulturen, og i alle fall ikkje ved hoffet. Kulturkonflikten viste seg, – i små byar som gjerne ville vere store var det pipekonsertar, sett i gang av kondisjonerte gymnasiastar. Denne kulturkonflikten stod Hulda midt oppe i, og ho var tindrande klar på sitt standpunkt: Ho dreiv nasjonsbygging, og ho vedkjente seg verdien av tradisjonar. Men ho hadde ikkje nisselue! Ho såg framover og utover!

Eg seier *dans*, Hulda kalte det *leik*, for ikkje å skremme pietistane, som heldt dans for noe syndig. Songdansen og bygdedansen vart ei stor rørsle, over heile landet, i meir enn 50 år, og noen miljø fins framleis. Visene og dansen har vorte ein sjølsagt del av norsk kultur, – prinsesse Märtha Louise dansa i Barneleikarringen på Folkemuseet ...

Hulda var eldsjel, og pedagog. Ho gav ut fleire bøker med viser og om viser, og om dansen. «Songdansen i Nordlandi» kom i 1903, «Norske dansevisur» i 1913, den har vore trykt i mange opplag, og fins nok i fillete eksemplar på mange loft og i mange skuffer.

## *Bunader*

Det eine drar ofte det andre med seg: Arbeidet med songdansen var både tilbakeskodande, historisk, og framtidsetta; for Hulda var dansen eit middel i arbeidet for nasjonal bevisstheit, og det var viktig å få med seg ungdommen.

Dei første som møtte opp i leikaringen hadde på seg gamle folkedrakter dei hadde funne, eller hadde «nasjonaldrakt», ei forenkla Hardangerdrakt som hadde vore mote ei stund. Da meldte spørsmålet om folkedrakter seg. Og sjølsagt stod Hulda i spissen for dette bunadarbeidet. Ho hevda at inga utvikling står stille, ein fekk bygge på tradisjonen og lempe den til slik at kleda vart gode å ha på seg, ein kunne ikkje kle seg upraktisk bare fordi om folk hadde gjort det før! Ho skapte jo sjøl si eiga drakt, bygd på Hallingdalsdrakta, – og høsta mye kritikk for det. Men drakta vart sydd og brukt, det fins framleis mange eksemplar i Nord-Østerdalen. Og den blir laga og brukt i dag!

Seinare har det som vi veit vore skarpe kanter mellom ulike grupper: rekonstruksjon eller nyskaping? Vi har hatt «bunadpoliti», – og ein flom av bunader som Hulda aldri kunne drømt om. Kva hadde ho sagt om ho hadde sett 17. mai i dag?

Den pedagogiske og praktiske Hulda gav ut «Norsk kledebunad» i 1903, ny stor utgåve i 1917, med mange mønster. Og ho skaffa utstillingslokale, som seinare vart Husflidsutsalet Heimen. Så der var ho òg med og la grunnlaget!

## *Teatret*

Heilt frå barndommen hadde Hulda drømt om teater. Ho ville bli skodespelar, men økonomi og sosiale forhold sette ein bom for slike drømmer. Men ho skulle komme til å bli eit einestående teatermenneske, på mange vis. Ho skreiv for scena, og gav ut det første stykket i 1895, «Mødre», som vart sett opp på Kristiania Teater. Året etter kom «Rasjonelt fjøsstell», som vart ein stor suksess, og har vore brukt i Ungdomslaga heilt opp i vår tid, og som det har vore harsellert mye over. Tittelen gav kulturfiffen i byen bevis for at det Hulda Garborg dreiv med bare passa for uopplyste bønder – .

Under premieren på «Mødre» ergra Hulda seg over at skodespelarane ikkje klarte å snakke landsmål, og ho og Arne var einige om at målet måtte vere å få eit teater der det vart spela bare på norsk. Dei satsa dobbelt: Ho gikk i gang med ei gruppe amatørskodespelarar, Arne heldt foredrag og skreiv artiklar om «Maalteater». Hulda instruerte, og spela sjøl når det trongs. Dei øvde litt overalt, mye heime på Labråten, heimen dei hadde skapt seg i Asker, Og der, i stue, loft og hage, øvde dei, det surra i replikkar og ljoma i song utover Askerbygda. Av og til måtte dei gjøra dugnad for øvingsrommet, grøftegraving og anna passelig arbeid. Kostyme vart lånt av dei som hadde noe som passa!

Og så drog Hulda på turné med «Det norske spellaget» i 1911, der ho var primus motor i både kunstnarlig og praktisk arbeid. Dei spelte Ivar Aasens skodespel Ervingen, på Østlandet og Vestlandet, og heile kysten nordover, med ovasjonar i Volda, men pipekon-





*Hulda og Det Norske Spelaget på turné 1911. Nr 2 og 3 frå v. bak er sonen Arne Olaus Fjørtoft Garborg og Johan Mikkelsen (Nygard) frå Alvdal. Fra boka Mye Arne – mest Hulda.*

sert i Trondheim, som NTH-studentar stod bak. Da rykte til og med Aftenposten ut: «Fra riksmålsstandpunkt må vi uttale vor beklagelse over demonstrasjoner av den art. Det er en raahet at demonstrere mot Ivar Aasen og Ervingen.» Heilt til Tromsø for dei, med alle slags framkomstmiddel og i all slags ver, og budde i alle slags kummerlige husvere ...

På heimtur var dei òg innom på Røros, viste Ervingen og songdans.

Det vart fleire turnear, men Hulda hadde ikkje råd til å vere med, 1911 hadde vore eit dyrt år for henne. Ho tok ikkje sjøl ut noa inntekt, enda om skodespelarane fekk. Garborgane hadde dobbelt hushald, hagen vart vanskjøtta, derfor vart det ingen matauk og heller ingen frukt å selje på torget.

Men så endelig, i 1913, fekk teatret fast spele plass, og Det norske teatret vart offisielt stifta. Hulda var innvalt i styret og var leiar i to periodar. Ho sette seg høge mål: Ho ville skape eit folke-teater, bygd på tradisjon, men tilpassa nåtidens kultur. Teatret var hennes barn, utan henne hadde det ikkje vore noe Det norske teatret. I dag et DNT eit moderne og nyskapande teater i eit av Nord-Europas finaste teaterbygg. I 2013 feirar teatret 100 år, og det blir spennande å sjå om dei sett opp noe av Hulda i jubileumsåret. »Edderkoppen» er eit stykke som fleire teaterfolk meiner vil fungere fint på scena også i dag. Og eg drømmer om ei framsyning av «Liti Kjersti», bygd på den kjente folkevisa, i dag som alle sjangergrenser inna teater er borte...

Temaet i alle dei stykka eg har nemnt er det same, – om uttrykket er svært ulikt; det handlar om sviket mot barnet. Hulda var vår litteraturs første skilsmissebarn, og egne erfaringar viser seg i det ho skriv.

### *Verdsborgar*

Ord som begynner på nasjon... er det skummelt å bruke i dag, det gir ikkje alltid gode assosiasjonar. Også i tida rundt unionsstriden før 1905 var det lett å gjøre narr av dei som arbeidde og glødde for sjølstende og norskdom, – dei var bare opptatt av sin eigen navle og mangla horisont. Sidan vart det mumla om nisselua over auga og til og med brune striper. Men Garborgane såg ingen motsetning mellom det å vere nasjonal og det å vere vendt mot verda utafor. Det er med god grunn ein biograf over Arne Garborg heiter «Jærbu og europear». Noen tankar og noen saker hadde dei to felles, og jobba saman om, like ofte arbeidde dei kvar for seg, men lærte av kvarandre. Hulda var nysgjerrig, ho ville vite, forstå. Å få kunnskap og innsikt i andre forhold enn dei heimlege, for å kunne bidra til framgang – det var Huldas program, og der var ho ustoppelig.

Da ho var 51 år drog ho på foredragsturné til det norske Amerika, saman med Anders Hovden. I New York såg ho ei dramatisering av Longfellow's «Song of Hiawatha», spelt av indianarar. Det er historia om høvdingen som for fleire hundre år sia fekk i stand «Den store freden», der dei rivaliserande stammene skulle forplikte seg til å samarbeide i staden for å drive maktkamp. Denne historia slo ned som eit lyn i

Hulda, og ho handla. Ho besøkte eit reservat, snakka med indianarar, hørte songen deira og opplevde kulturen deira, og las alt ho kom over om Hiawatha. Ho begynte på eit skodespel om han, men blodbadet i 1. første verdskrigen gikk sterkt inn på henne, og først etter krigen greidde ho å skrive ferdig stykket om indianerhøvdingen. Ho skreiv ein stor artikkel i Samtiden, og ein serie på 10 artiklar i Morgenposten, med tittelen «Et myrdet folk». Så seint som i 1925 snakka ho om Hiawatha i radio. Ho såg Hiawatha som ein visjonær religiøs person, samanlikna han med Jesus og Buddha.

Dama er skarpsynt. Etter besøk i det norske Amerika skriv ho i dagboka: «Alt eg såg til dei norske utvandrarane der var meg meir mørkt enn morosamt. Armod og rotløyse, slit og snobbeskap og moneymaking. Lite åndsliv, lite kunnskap om Noreg. Men gjestfrie, snilde folk mest alle.»

Det er typisk Hulda at på båten heim kjem ho i prat med ein svart amerikanar, og seier at «han var utan samanlikning den mest kunnskapsrike mann eg råka på heile turen min.» Ho skriv om situasjonen for dei svarte i Amerika, og meiner dei må vekkje si eiga stoltheit og erkjenne det som gjer dei spesielle, ikkje streve etter å etterlikne den degenererte kvite kulturen.

Hulda er nysgjerrig på andre religionar og livssyn, og ser ikkje ut til å ha fordommar. I 1930 skriv ho ein lang artikkel om Jiddu Krishnamurti, ein sørindisk forfattar og filosof, som var ein sentral inspirator for den teosofiske læra. I artikkelen polemiserer ho igjen mot den etnosentriske tenkinga i vår kultur: «Ikkje at dei, meir enn me, eig

»sanningi», men at også dei eig noko av sanningi... Då eg langt um lenge nådde inn til det som vel er kjerna i buddhismen, Buddhas talor i Benares, kjende eg med undring att mange av mine egne tankar og kjenslor. Mitt eige «fritenkeri», eller min eigen natur-religion i poetiske austerlandske bilæte».

### *Medmennesket Hulda*

Det budde mange kunstnarar av ulikt slag rundt Garborgs i Asker, området vart kalla «Kunstnerdalen», – og mange av dei levde i elendige kår. Hulda tok seg av kollegaer og kjenningar; den store lyrikaren Olav Nygard budde ei tid hos dei på Labråten, og ho følgde han gjennom sjukdommen, heilt til det siste.

Ho vart kjent med Aksel Waldemar Johannessen og kona hans Anna, eit begava par. Anna dreiv systue, og dei starta Heimen. Anna teikna mønster og sydde drakter, ho og mannen laga kostyme til Det Norske Teatret, og han laga kulisser. Men eigentleg var han kunstmålar, og verka hans vekte furore med ei utstilling i Kristiania i 1923, tre veker etter at han døde. Hulda hjalp enka, og bidrog til at barna fekk skolegang.

Rundt årtusenskiftet vart bileta til Aksel Waldemar Johannessen vist i Italia, og kritikarane kalte han «den andre Munch».

Hulda var av dei få som kjøpte bilete av han, ho vart etter kvart litt av ein kunstkjennar, og kjente alle samtidige målarar. Det var ikkje tilfeldig at Harriet Backer var ei god venninne.

Ein gong sendte Hulda ein sekk potetar til ein fattig kunstnar som da var i Gudbrandsdalen, og fekk sekken att, reinvaska og brukt som lerret for eit måleri!


Hulda var ustoppelig, ei handlekraftig kvinne. Når ho såg noe som burde vore gjort, fekk ho det gjort. Ho snakka tysk flytande, lærde seg fransk da dei var i Paris, – Arne og Amalie Skram orka ikkje fullføre kurset, men ho gjorde. Seinare omsette ho franske bøker til norsk. Engelsk må ho òg ha meistra, nok til å snakke med folk ho trefte om viktige ting.

Ho var visjonær i dei store spørsmåla, og misjonær i dei små. Frå drøfting av dei store verdsreligionane, storpolitikk, samfunnsorden og kulturens vilkår, til råd om personlig hygiene: Kroppsvask kvar dag, vekk med korsettet, brukte ein det kom innreiden i ulage! Og så hadde ho eit varmt hjerte –.

Vi i Nord-Østerdalen synes Hulda er vår, – ho var her kvart år i nesten eit halvt hundreår, frå ho kom som nygift og uerfaren, til ho satt som gammal dame på Veslevangen, hytta si i Strålsjøåsen, og snakka med alle vennene som budde i nærleiken. Ikkje minst Ivar Mortensson Egnund, – vennskapen mellom dei var sterk og ekte heile livet.

Ho kjente alle, og vart sett pris på, ho var fadder til over 20 barn i grenda. På Labråten henta dei hushjelper frå Nord-Østerdalen, ho skaffa òg gode venner solid hjelp herifrå.

Dei første åra Garborgdagane vart arrangert, tidlig på 90-talet, kom det folk som hadde kjent henne, og som fortalte, hadde minne frå foreldre og besteforeldre. Da kom ho nær. Den gamle Hulda stod det respekt av, når ho kom måtte leiken avbrytas, og ein måtte gå og helse pent på bestemor, fortalte ein kamerat til barnebarnet. Og ho var nøye: Ho betalte 10 øre for ei bøtte med raspa einer, til å strø på golvet, men var



*Ivar Mortensson Egnund og Hulda på Veslevangen. Fra boka Mye Arne – mest Hulda.*

ikkje bøtta full nok måtte guten ut att og fylle bøtta ordentlig. Og kom han med meir enn det som var avtalt, fekk han ingenting –.

### *Sluttord*

Når det gjeld intellekt, åndskrefter, vid-syn og visjonar, står ikkje Hulda Garborg noe tilbake for Arne Garborg. Likevel har ho vorte ståande i skuggen av mannen sin. Ho var nok ikkje ein så god forfattar, det er så, men det ho fekk utretta, på mange område, er mest utrulig. Og i dag er ho nesten glømt. Korleis kan det vere mulig?

Tor Obrestad seier i boka si, «Hulda»: «Ho var kvinne. Ho var revolusjonær og handlekraftig på ein måte som gjorde at folk vart provoserte av det, eller ikkje skjøna det. Og ho var gift med Arne Garborg, og kom i skuggen av hans dominerande posisjon i samtida.» Og han gir henne denne attesten: «Hulda Garborg er eit bindeledd i den moderne norske historia, frå den vaknande nasjonalismen, over det nasjo-

nale gjennombrotet, og fram til dagens globale tenking.»

Ei sterk kvinne, med ein sterk vilje, har eg sagt fleire gonger. Men slik ser ho på seg sjølv, i dagboka i 1927: «Eg veit ikkje kva vilje er. Eg hev alltid gått etter mi kjensle, og den var sopass sterk at eg ikkje reflekterte stort yvi leid og veg og sak. Eg gjekk dit eg måtte gå. Gjorde det eg måtte gjera for å vera meg sjølv. Eg hev vori ærleg mot meg sjølv. Men den som freistar leva ærlegt og utan kunstar etter si kjensle fær svide – vonbroti vert so mange og store at ein vert som ein flådd sau, gleda vert ein sjeldan gjest, og vanvyrdnaden for hykleriet og humbugen i kring ein vert til ei pine som aldri slepper tak i ein.»

Da Hulda skreiv dette, var kanskje kreftene mindre enn før, og motgangen gikk lettare innpå henne. Likevel står ho att som ei uvanlig sterk og sjølsten-dig kvinne, som ikkje bare hadde djupe tankar og luftige idéar, men som òg hadde styrke til å setje idéane ut i livet.

Ho var ein viktig strateg i det nasjonale arbeidet rundt førre hundreårsskiftet, og fortener å bli hugsa for det. Likeså vil ho bli hugsa for all den idealisme og glede ho skapte blant norsk ungdom i fleire generasjonar. Og hennes arbeid for rettferd, toleranse og vidsyn kan vere ein inspirasjon for oss i dag.

### *Om forfatteren*

Randi Arnestad, født 1942, er cand. philol med norsk hovedfag, og har arbeidet som lektor på Tynset (Tynset Gymnas, siden Holmen videregående skole og Nord-Østerdal videregående skole).

I mange år var hun aktiv i Organisasjonen Garborgdagane.